



## Statens vegvesen

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:  
16/46499-5

Dykkar referanse:

Vår dato:  
22.02.2019

### **Merknad til offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for Nystøltunet – gnr. 214 bnr. 41 m.fl. – Lindås kommune**

Vi viser til offentlig ettersyn av reguleringsplan for Nystøltunet, PlanID 1263\_201603. Planframlegget vart opphåveleg sendt på offentlig ettersyn 20.12.2018 med merknadsfrist 31.01.2019. Ved ein feil var ikkje Statens vegvesen blant mottakarane. Vi fekk planframlegget tilsendt 25.01.2019, med merknadsfrist sett til 28.02.2019.

#### Formål med reguleringsplanen

Reguleringsplanen legg til rette for utbygging av 21 nye bustader på Fyllingsnes, samt at eit område med 9 eigedomar vert omregulert frå fritidsbustad til bustad, og eit naustområde vert regulert.

Området har gjennom lengre tid vore under transformasjon frå fritidsbustader til bustader, og ein ønskjer å nytte dette planarbeidet til å få ein planstatus for bustader i området, i samsvar med faktisk status og utvikling.

I gjeldande planer er areala innanfor planområdet lagt ut til formåla bustad, fritidsbustad og noko restareal til LNF.

#### Utvikling av Fyllingsneset

Planområdet ligg på Fyllingsnes, på sørsida av den kommunale vegen Fyllingsnesvegen. På nordsida av vegen er det 2 gjeldande reguleringsplanar for bustadområder. Plan for Nystøltunet vil delvis overlappa reguleringsplan for Fyllingsnes, gnr. 214 bnr. 4,5,7 m.fl., som tar med en liten del av den kommunale vegen.

Lindås kommune har starta arbeid med ny skule for Eikangerområdet. Etter det Statens vegvesen erfarer er det no mest aktuelt at denne skulen skal plasserast på Fyllingsnes, mellom E39 og den kommunale vegen, og vest for regulerte bustadfelt. Dersom dette kjem

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER


Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

til gjennomføring, vil born i Nystøltunet få under 500 meter å gå til skulen. Dette vil gjere området til eit attraktivt bustadområde for bornefamiliar. Det er difor viktig å sikre at trygg skuleveg vert etablert, og at dei ulike reguleringsplanane i området legg til rette for samanhengande fortau fram mot den nye skulen.


### Merknader til framlaqte reguleringsplan



*Utsnitt av framlaqte plan for Nystøltunet*


Statens vegvesen vil be om at plangrensa vert utvida austover langs Fyllingsnesvegen, for å sikre gjennomgåande tilbod for gåande og syklende.

Slik plangrensa er satt no, manglar det fortau på ca. 50 meter mellom gjeldande plan for Fyllingsnes og framlegg til plan for Nystølen.



*Utsnitt av gjeldande reguleringsplan for Fyllingsnes.*

Blå strek i kartutsnittet viser om lag kor plangrensa for Nystøltunet avsluttar mot Fyllingsnes-planen.



Bustadbygg BKS4 er teikna svært nær den private vegen f\_SV4. Dette kan gi dårlege siktilhøve for trafikantar på vegen, mellom anna grunna vegkurvatur og høgdeskilnad.

Vi vil difor be om at BKS4 vert trekt lenger austover, slik at ein kan sikre god sikt. Dette er spesielt viktig for å sikre mjuke trafikantar langs vegen.

Utover dette har ikkje Statens vegvesen merknader til planarbeidet.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Skulstad Marianne  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Fylkesmannen i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER  
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN  
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ